

Dokumentet er elektronisk signert

## Rapport etter utviklingsarbeidet; Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring

### Bakgrunn for utviklingsarbeidet

«System for styrka læring» er kommunane i Sogn regionråd sitt permanente program for barnehage- og skuleutvikling i perioden 2013-2021. Dette regionale utviklings-programmet har eit overordna mål: Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring med redusert bruk av spesialundervisning.

I «Overordna programplan for System for styrka læring» er systematisk og systemisk arbeid formulert som arbeidsprinsipp. For å nå hovudmålet vil ein arbeide på systemnivå, og ha fleire program, tiltak og verktøy. «System for styrka læring» har såleis mange satsingsområde, og det sentrale området i dette utviklingsarbeidet har vore styrking av tilpassa opplæring.

Statped sitt regionale kommunesamarbeid med Sognregionen vart i 2010 kopla saman med det som vart til satsinga «System for styrka læring». Målet med Statped sitt kommunesamarbeid har vore å gå frå meir tilfeldig innsats til planlagt, målretta og systemisk kompetansebygging, og få til betre samla utnytting av statleg og kommunal kompetanse innanfor det pedagogiske og spesialpedagogiske området.

Statped har gjennom fleire styringsdokument fått i oppdrag å styrke PP-tilsette sin kompetanse, og bidra til auka fokus på systemretta arbeid i tråd med dei nyare forventningane til det spesialpedagogiske feltet og til PPT sine oppgåver. «System for styrka læring» sine mål samsvarer med forventningar til korleis Statped skal samarbeide med PPT for å styrke kommunane i arbeidet med å løyse oppgåvene innan barnehage og skule på opplæringsfeltet.

Programstyret for «System for styrka læring» og ei intern plangruppe utforma forslag til eit konkret samarbeid mellom Statped, PPT og skular i sogneregionen. Skular i sogneregionen fekk tilbod om å delta i eit forum for utviklingsarbeid på sin skule med rådgjeving frå PPT/Statped. Fem skular meldte sin interesse for å delta. Arbeidet vart definert som eit ``pilotprosjekt``.

### Organisering/gjennomføring

I februar 2015 starta pilotprosjektet med 5 skular frå Sogn regionråd. Deltakande skular var Flatbygdi og Feios frå Vik kommune, Leikanger barneskule og Leikanger ungdomsskule frå Leikanger kommune og Gaupne skule frå Luster kommune. Arbeidet gjekk over to år, med eit avsluttande møte 19.04.2017.

Skulane valde ut kva tema dei ville satse på i sitt utviklingsarbeid. Tema var relatert til den overordna målsetnaden som omhandla auka læringsutbytte gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring.

Statped deltok med to-tre prosessrettleiarar fordelt på dei fem skulane. Kvar skule oppretta lokal arbeidsgruppe. Deltakarar var rektor, aktuelle lærar(ar), og pp-rådgjevar. Dåverande programleiar Claus Røynesdal og utviklingrettsleiar Inger Marie Evjestaad deltok på nokre av møta. Arbeidsgruppene møttest 2-3 gongar i semesteret.

Målet med arbeidsgruppa var å rettleie skulane i sitt utviklingsarbeid og sikre involvering/ forankring i alle ledd.

PP-rådgjevarar og Statped sine rådgjevarar gjennomførte interne planleggings- og samarbeidsarbeidsmøte i tillegg.

Møtepunkt med skuleeigarar var ønskt etablert. Det vart i ulik grad gjennomført.

Det er klart formulert i den overordna programplanen at: «ei utfordring for alle omstillings-, utviklings- og endringsprosessar er å skape oppslutnad, interesse og deltaking. Det krev tid og ressursar av alle aktørar når ein deltek i eit forpliktande utviklingsprogram». Vektlegging av «læringsnivået»; å vidareutvikle læringsmiljøet for elevane ved å fokusere på personalet som arbeider med elevane på skulane er avgjerande. Vidare er leiarnivået; leiarar i skule og barnehage av stor relevans for å lukkast med endringsarbeid. Eigalar, kommunalsjefar og deira nettverk er også sentrale aktørar. Rapportar frå andre liknande utviklingsarbeid tydeleggjer kor stor relevans desse tre nivåa har. (Haugalandsløftet, Fagtorget 24.08 .2017).

## Overordna mål

- Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring med redusert bruk av spesialundervisning
- Statped/PPT rettar merksemda/rettleiinga mot den ordinære undervisninga
- Ivareta prinsippet om inkludering
- Endre haldningar frå det «tradisjonelle synet» på PPT til eit utvida syn på kva som er PPT sine arbeidsoppgåver
- At PPT er ein del av kvalitetssystemet i kommunen
- Involvere PPT på dei arena som er relevante for å kunne vere ein del av kvalitetssystemet i kommunen

## Innhald i utviklingsarbeidet

- Utvikle møteplassar der oppfølging av kartleggingsprøvar (analyse og tolking) er sentralt: utnytte denne kunnskapen til å skape prosessar for å betre undervisninga
- Tidleg innsats /inkludering
- God tilpassa opplæring som ved å nytte stasjonsundervisning
- God tilpassa opplæring retta mot faga norsk og matematikk
- Arbeide med faglitteratur: Hvad der virker i inkluderende undervisning (David Mitchell,(2015).
- Merksemd på god klasseleiing og organisering
- Gjennomføring av gode møte

## **Spreiing**

Innleiinga her er henta frå den overordna programplanen der gode skuleresultat vert sett i samanheng med: «Fylket er prega av ein sterk delingskultur med nært samarbeid både på person- og organisasjonsnivå. Ein sterk kultur for deling og samvirke er eit vesentleg fundament for regionalt samarbeid.»

Det har vorte lagt opp til fleire samlingar for deltakande skular for erfaringsutveksling. Tema har omhandla å få fram kva ein har lært så langt og kva skulane kan ta med seg vidare.

Statped, PPT og deltakande skular har på to av dei faste og årlege fagdagane i regionen, «Frå spesialundervising til TPO» bidrige med erfaringsbasert kunnskap for å formidle deira erfaringar frå pilotprosjektet til andre skular i regionen. Fagdagane har blitt gjennomførte i samarbeid med andre fagmiljø. Hausten 2015 vart fagdagen gjennomført i samarbeid med eit fagmiljø frå Ørebro, som sogneregionen samarbeida med om temaet inkludering. Hausten 2016 vart fagdagen arrangert i samarbeid med det som no er Høgskulen på Vestlandet.

## **Evaluering**

Det har vorte gjennomført ei midtvegsevaluering og ei avsluttande evaluering av utviklingsarbeidet.

Midtvegsevalueringa vart gjennomført våren 2016 og byggjer på refleksjonsnotat frå dei fem skulane som har vore med i prosjektet. Skulane og PPT presenterte denne på ei felles samling i august 2016. Evalueringa gir oversikt over breidda av moment som vert trekt fram; nokre moment gjeld kun for ein enkelt skule, medan andre faktorar gjeld for fleire.

Avsluttande evaluering vart gjennomført på møte for alle deltakarar i april 2017. Sluttevalueringa inneheld både eit tilbakeblikk på utviklingsarbeidet og på kva som er viktig å vidareføre og vidareutvikle.

PPT evaluerte kontinuerleg saman med Statped. Frå PPT har det vore dei same tilsette som har vore deltakande i prosjektet. Dei har hatt framlegg i personalgruppa og ein har freista å implementere utviklingsarbeidet til dei 58 einingane i regionen. Ny leiar for tenesta vart raskt sett inn i utviklingsarbeidet og følgde tett på prosjektet. Noko som har kome til nytte i ettertid av prosjektet.

Skulane gav våren 2017 ei tilbakemelding på effekten arbeidet har hatt for dei. Skulane sine vurderingar er systematisert ut frå det som har vist seg formålstenleg og som samsvarar med overskriftene i rapporten.

## **Organisering /gjennomføring:**

- Satsingsområde: Det var tidkrevjande å bestemme seg for eit satsingsområde. Ein skule fekk ikkje det satsingsområdet som dei ønskte. Det medførte at det tok lengre tid å kome i gang, men vurderte i ettertid at det kanskje var nødvendig tidsbruk i startfasen.
- Rettleiing: Samstempet gode tilbakemeldingar på Statped si rettleiing, med skildringar som: inspirerande, utfyller kvarandre ved å representere ulike fagområde, kreativ og dynamisk samhandling, direkte arbeidsmåte som t.d. modellering, stilte kritiske gode spørsmål til refleksjon, utfordrar lærarar og leiing konstruktivt. I evalueringa kjem det fram at Statped var «hovudaktør i rettleiinga. PPT får også gode evalueringar på rådgjeving og oppfølging av skulane. Av negative tilbakemeldingar fekk ein konkret på: for lite deltaking utan at vikar vart sett inn.
- Struktur: Utviklingsarbeidet har innarbeidd gode rammer med struktur og fokus på arbeid på skulenivå. Det vert vurdert som svært viktig for gjennomføringa at det har vore kontinuitet i rådgjevinga ved å fastlegge samarbeidsdagar for kvart semester. Planmessig arbeid med mellomliggjande arbeid forpliktar alle deltakande partar.

- Endringsarbeid: Statped har vore opptekne av å få med alle i endringsarbeidet og å forankre utviklingsprosessar i heile kollegiet.
- PPT var representert i samlingar og arbeid som vart gjort ved skulane i samband med prosjektet. PPT var ikkje med i forbindelse med ei modellering av stasjonsundervisning. I ettertid ser ein at når ein skal inn i eit utviklingsarbeid, bør ein frigje tid slik at det ikkje går ut over arbeidsoppgåver som elles må gjerast.

### **Mål/ innhald i utviklingsarbeidet og skulane/ PPT sine tilbakemeldingar:**

Evaluering av innhald/arbeidsform er:

- Statped/ PPT retta merksemda /rettleiinga mot den ordinære undervisninga med vekt på tidleg innsats og inkludering.
- Utgangspunktet er skulane sine satsingar. Varierte arbeidsformer som rådgjeving, modellering, arbeid med faglitteratur var viktige faktorar for arbeidet.
- Gode refleksjonar vart framheva frå alle skulane, skildringar som: Konkret og praksisnært , gode innspel og diskusjonar/refleksjonar som har resultert i betre opplegg og rutinar på skulen.

### **Skulane melder dette etter prosjektet:**

Læring og auka kompetanse:

- Gjennom prosjektet har skulane fått mange gode diskusjonar kring tilpassa opplæring med kompetansemiljøa Statped og PPT.
- Felles refleksjon og forståing.
- Auka kompetanse hjå personalet på tilpassa opplæring og spesialundervisning
- T.d. to-lærarsystem i bruk av smartbøker – modellering – hospitering – skulevandring – kollegarettleiing.
- Betre kompetanse i bruken av kartleggingsprøvar og bruk av rettleatingsmateriell (før og etterarbeid) som ligg på Udir.no. (nyttig kunnskap om analysearbeid på individ- og klassenivå). Felles forståing i kollegiet i bruk av dette materiellet.
- PPT sterke til stades i overgang, sikrar kontinuitet i tiltak og direkte rettleiing til lærar
- PPT få god kjennskap til elevane i skulesituasjonen gjennom observasjon
- Om Statped Vest sine representantar seier skulane at dei har vore framifrå føredøme på korleis ein får skuleutvikling gjennom kreativ og dynamisk samhandling. Aktørar med ulik bakgrunn og ulik fagkompetanse har utfylt kvarandre og ført prosjektet fram. Dei viste stor respekt for kvarandre, og arbeidsmåten var direkte. Kritisk tenking og spørsmål ved det ein vel å gjera er svært nyttig.
- Rettleiinga har vore konstruktiv, og det har vore høve til å gå nokre skritt tilbake når progresjonen har vore for rask.
- Skulane sette stor pris på at dei vart «modellert».

Endring i organisering og rutinar:

- Færre møte, færre enkeltvedtak, IOP-ar og rapportar er realisert
- Betre rutinar og samarbeid med PPT, t.d. er dei meir inn i klasseromma
- Laga lokal perm / ressursbank med rutinar og system – rektor og rådgjevar/sosiallærar, gjennomgang ved oppstart av kvart skuleår. Slik sikrar ein at erfaringar frå prosjektet når ut til alle på skulen. Skjer gjennom hospitering, kurs og fellesmøter.
- Meir systemretta arbeid, betre organisering og meir systematiske måtar å arbeide på, t.d. utarbeidd rutinar, system, møteplan og mellomliggande arbeid for satsingsområda med tverretatar som t.d. PPT.

- Etablert spes.ped-team der lærarar kjem saman og drøftar.
- PPT meir involvert i arbeidet med IOP jf. kompetanse mål/avvik frå kompetanse mål etter K06

Endring i undervisninga:

- Spesialundervisning / tilpassa opplæring bør så langt som mogeleg føregå i klasserom.
- Fokus på ulike læringsstrategiar tilpassa den enkelte elev.
- Praksisnære arbeidsmåtar. Gje tilbod i form av kortare, intensive kurs og ikkje enkeltvedtak for heile skuleåret. T.d. køyre intensive lese- og matematikkurs.
- Meir fokus på praktisk undervisning.
- Ein har fått meir fokus; vekk frå lærebok og over på eleven sitt faktiske nivå.
- Fokus på gruppесamansettning: i klasserommet på stasjonsundervisning. T.d. David Mitchell, og Kooperativ læring. Å hjelpe elevane med å læra av kvarandre. Fordelen ein får ved at born forklarer / rettleier for elevar frå andre kulturar / med eit anna morsmål og motsett. Stasjonar på tid, meir effektivt. Alle med. Konkret rettleiing og modellering. Gevinst ved bruk av homogene grupper o.l..
- Har fokus på klasseleiing i heile kollegiet som eit ledd i utviklingsarbeidet ved skulen.
- Anna bruka av tidsressursoppst. Går bl.a. til spes.ped.koordinator/til oppfølging av klassar og enkeltelevar, tid til psykologisk førstehjelp, oppfølging av elevar med vedtak o.l.
- Fokus på tidleg innsats og styrkar 1.-4.klasse med ekstraressursar.

**PPT melder dette etter prosjektet:**

- Gjennomgang av faglitteratur for alle daltakarane gjorde til at ein fekk felles plattform: ein av suksessfaktor for prosjektet.
- Gode diskusjonar om tilpassa undervisning, både i den ordinere undervisninga men og i den spesialpedagogiske.
- Ein har fått heva den faglege kompetansen tverrretateleg.
- Saman har skule og PPT effektivisert bruken av kartleggingsprøvane på tvers av fag, og sett i verk tidleg innsats.
- Ein har sett fokuset på elevnens realistiske mål, og satt inn tiltak etter det.
- Ein har jobba med å «stake ut nye kursar» når ein elev eller ei gruppe har støtt på utfordringar.
- Sett på nye arbeidsmetodar og læringsmateriale/ undervisningsmateriell som kan fremme utvikling.
- Fått på plass nye og betre samarbeidsrutinar mellom skulane og PPT; møtetidspunkt, agenda, utviklingssamtale, overgangsmøter m.m.
- Fokuset på tilpassa opplæring også i den ordinere undervisning har ført til at det er færre saker som endar opp med sakkunnig vurdering med spesial undervisning.
- Jobbe med å få spesialundervisning inn i den ordinere undervisninga. (undervisning i klasserom og i gruppe)
- Fokus har dreia frå å sjå på saker som individ spørsmål til meir å sjå på om ein kan løyse det systemisk.
- Det vart sett meir fokus på førtildelfingsfase både på individsaker og systemsaker, der PPT fekk ei meir aktiv rolle.
- PPT har vorte til stades i undervisning/ klassen/ gruppe situasjonar og har bidrige med rettleiing inn mot læringsmiljøet.
- PPT deltek i større grad i utviklingssamtalane på skule.
- Hjelpe skulen i arbeidet med å sette inn tiltak i førtildelfingsfasen for å prøve ut tiltak i den ordinere undervisninga.
- Den tilpassa og inkluderande opplæringa vart styrka, noko som førte til redusert bruk av spesialundervisning.

- Gjennom prosjektet har ein etablert eit nært samarbeid med Statped sitt systemretta arbeid. Dei har fått kjennskap til ulike arbeidsformer, og danna nettverk.
- Det er sett av tid til observasjons i samanheng med fastlagde reiseruter som PPT utfører systematisk igjennom året.

PPT har sett pris på ærlege, konkrete og direkte tilbakemeldingar frå samarbeidsaktørar.

PPT opplevde samarbeidet med Statped som positivt og lærande.

Endringsarbeid er utfordrande og krevjande. Det er store etablerte «institusjonar» som skal «snu». Men når skule, PPT og Statped saman med eigarane har jobba for å gå frå spesialundervisning til tilpassa opplæring, ser ein at det har ført til kreative og gode løysningar.

Det har vorte etablert gode samarbeidsformer som skal føre arbeidet vidare, i alle samarbeidskommunane.

Evaluering: PPT er ein del av kvalitetssystemet i kommunane.

Utvikle møteplassar for oppfølging, analyse/tolking av kartleggingsprøvar og utnytte denne kunnskapen til å skape prosessar for å betre undervisninga.

Alle skulane vurderer dette arbeidet som lærerikt, relevant og utviklende for skulen.

#### Kommentarar:

Tenkjer no meir system og systematikk, større vekt på før- og etterarbeid av kartleggingsprøvar, fått oppfølging inn i planar slik at det vert meir forpliktande og mindre personavhengig.

Utdanningsdirektoratet sitt vurderingsverktøy vert vurdert som svært godt: Rettleiingane utgjer eit godt grunnlag for planlegging og gjennomføring av undervisning. Meir merksame på kor viktig leiinga si deltaking er i kartlegging, vurdering og tiltaksfasen.

Endring av haldningar frå det tradisjonelle synet på PPT til eit utvida syn på kva som er PPT sine arbeidsoppgåver. Skuleeigarar/leiarar er bevisst sitt ansvar som t.d. å involvere PP-leiar/ PP-rådgjevarar på dei arena som er relevante for å kunne vere ein del av kvalitetssystemet i kommunen.

PPT opplever at det framleis er ulike syn på kva som er PPT sine oppgåver, men opplever at utviklingsarbeidet har hatt positiv effekt på dei fem skulane.

Skuleeigarar/kommunalsjefar var ikkje tilstades på det avsluttande møtet og det siste punktet er ikkje i tilstrekkeleg grad vurdert.

#### **Spreiing**

Evaluering: Spreiing og deling av kunnskap og erfaringar.

Overføring og erfaringsslæring mellom skulane, kunnskapsspreiing til skular i eigen kommune og region.

#### Kommentarar:

Delingskultur vert framheva som viktig. Den samhandlinga og erfarringsdelinga mellom skulane som det har vorte lagt opp til, vart opplevd som svært nyttig.

- På fagdagen i nettverket hausten 2016 som var tenkt som spreiing av erfaringar til tilsette i oppvekstsektoren i kommunane, var det lite deltaking. Dette vert vurdert som dårlig utnytting av kompetansespreiing i regionen.

- PPT uttrykkjer at dette har vore eit spanande utviklingsarbeid å delta i, og dei ønskjer å ta med seg erfaringar frå dette utviklingsarbeidet framover, og arbeide på liknande måtar mot alle einingane dei jobbar opp mot. PPT og skulane hadde også idear om å nytte hospitering for å dele og spreie erfaringar frå utviklingsarbeida på skulane.
- Nettverksmøtet for Tilpassa opplæring/ spesialundervisning vart vurdert som eigna for å dele informasjon, erfaringar, kunnskap og finne felles strategiar for det vidare arbeidet. Å nytte videokonferanse og kople på Statped ved behov for fagleg støtte kan vere aktuelt.

## Avsluttande ord

Den overordna programplanen under overskriftene Systematisk arbeid og Systemisk arbeid (s.9) skriv ein om : «verdien av å skape kunnskapsutviklande prosessar som byggjer læring i organisasjonar og gir heilskapleg forståing. Erfaring frå praksis, refleksjonar over praksis, konstruering av ny kunnskap ut frå erfaringar og planlegging av nye handlingar kjenneteiknar kunnskapsutviklande prosessar».

Den positive vurderinga av rådgjevinga til skulane som alle opplevde, skapte refleksjon og læring, det synest å handle om kunnskapsutviklande prosessar. For å lykkast med dette må ein ha kompetanse og dugleik som rådgjevar. I tillegg synest rammefaktorar å vere viktig; tid, systematikk, førebuing, planmessig arbeid. Elles så nyanserer avsnittet om evaluering kva for faktorar som har vore suksessfaktorar i dette prosjektet.

Tema for utviklingsarbeidet var skulane sine val, med utgangspunkt i det overordna målet. Satsingane synest å vere svært relevant og aktuelt for både skule, PPT og Statped. I 2017 føreligg: Stortingsmelding (St. 21) Lærerlyst, NOU: På lik line 2016:2017 og Barneombodet sin fagrappport 2017: Utan mål og mening. Alle omhandlar behovet for å kvalitetssikre opplæringa og poengterer Statped, PPT, skule og barnehage sitt ansvar i dette arbeidet.

Som avslutting vert det viktig å peike på at dette utviklingsarbeidet er avslutta i si noverande form, men Sogneregionen vil halde fram satsinga på opplæring i barnehage og skule framover. Erfaringar frå dette utviklingsarbeidet vil vere med å bidra til å skape refleksjonar, gje kunnskap og læring for vidare arbeid.

Det føreligg ein samarbeidsavtale mellom Sogn Regionråd og Statped vest for dei komande tre åra der tema som tilpassa opplæring, inkludering og tidelege tiltak er aktuelle område for vidare samarbeid.